# Ålgård skole

## *2021-2022*

## *Informasjon*




Gjesdal kommune
Vi strekker oss lenger™

**INNLEIING** **2**

**GENERELL INFORMASJON** **3**
Fagpersonell knytt til Ålgård Skole 3
Spesialpedagogikk og sosialpedagogikk 3
Tilsette ved Ålgård skole 2021/2022 4
Kontaktlærarar 6

**SKOLEFRITIDSORDNINGA - SFO** **8**
Tilsette i SFO 8

**TIMEOPPSETT 2020-2021** **9**

**PRAKTISKE OPPLYSNINGAR** **10**
Kontortid 10
Målformer 10
Søknad om fritak frå undervisninga 10
Melding om fråvær og andre beskjedar 10
Visma Min Skole 10
Min skole - foresatt-app har dissa hovudfunksjonane: 10
Føresetnader for å bruka appen 10
Slik bruker du appen 11
Chromebook 11
Sykling 11
Klede og gjenstandar som er attgløymde 11
Erstatningsansvar for bøker og skolen sitt materiell 11
Erstatning for klede o.l. 11
Teieplikt/spesielle opplysningar om eleven 11
Helsestenesta 12
Vaksineringsprogram 12
Tannlegen 12

**MJØLK OG FRUKTORDNING** **13**
Frukt 13
Mjølk 13

**INFORMASJON OM LESEPROSJEKTET SOL** **14**

NASJONALE PRØVAR **14**

HEIMESIDE **14**

**BIBLIOTEKET** **16**
Biblioteket på Ålgård skole skal brukast til: 16

**AKTIVITETSLEIARAR** **16**

**SAMARBEID HEIM / SKOLE** **18**
SU - Samarbeidsutvalet : 18
Klassekontaktane 18
Klassekontaktar skuleåret 2021/2022 19
FAU 20
FAU-representantar skuleåret 2021/2022 20
Foreldremøte 21
Utviklingssamtalar 21

**ABONNER PÅ NYHEITER FRÅ SKULEN - få nyheiter direkte i din mailboks** **22**
Kva tyder det for deg? 22
Korleis går du fram? 22

**SKULERUTE 2021-2022** **24**

# INNLEIING




Hjarteleg velkomen til eit nytt skoleår. Vi håper de alle har hatt ein flott sommar.

Ålgård skole sin visjon er **læring med trivsel**. Visjonen skal danne grunnlaget for alt arbeidet vi gjer på skolen. Vi veit at elevar som trivst godt på skolen lærer betre, og det er vår oppgåve, saman med dykk, å leggje til rette for det. Det er mykje å glede seg til dette skoleåret.

Dette informasjonsheftet skal vere til hjelp for de elevar og føresette som høyrer til ved Ålgård skole. Heftet skal på ein enkel måte gje oversikt over organiseringa og aktiviteten ved skolen i året som kjem.

Skoleåret 2021/2022 har Ålgård skole 385 elevar fordelt på 20 klassar, samt språkstasjon. Skolen har 51 ansatte: rektor, assisterande rektor, saksbehandlar, 35 lærarar og 13 miljøarbeidarar.

Skolen har skolefritidsordning (SFO) for 1.- 4. klasse. Påmelding til SFO skjer digitalt på skolen si heimeside.

Ålgård skole har også ein språkstasjon der minoritetsspråklige elever får opplæring i norsk.

Vi vil det beste for alle våre elevar, og for at elevane skal lukkast er det svært viktig med godt samarbeid og god kontakt mellom heim og skole. Vi har faste samarbeidsmøte i løpet av året gjennom foreldremøte, utviklingssamtalar og elles møte i FAU og samarbeidsutval. Av og til er det behov for kontakt utover det. Ta raskt kontakt viss det er saker de lurer på eller ting de vil drøfte. Vi set også pris på tilbakemelding. Det er gjennom informasjon, samarbeid og respons at me kan gjere ting betre.

Vi ønskjer at skoleåret 2021/22 skal bli eit godt år både for elevar, føresette og tilsette ved Ålgård skole. Vi ser fram til å samarbeide med dykk.

Ålgård skole

Rune Bøe
rektor

# GENERELL INFORMASJON

| | | |
|---|---|---|
| **Adresse** | : | **Ålgård skole - Rettedalen 13 - 4330 Ålgård** |
| **Telefonnummer** | : | **51 61 46 70** |
| **E-mail** | : | algard.skole@gjesdal.kommune.no |
| **Heimeside** | : | **www.minskole.no/algard** |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Telefon | Kontor | : | 51 61 46 70 |
| « | Rektor | : | 51 61 46 69 |
| « | Ass. rektor | : | 51 61 46 72 |
| « | Helsesykepleier | : | 51 61 46 73 |
| « | SFO | : | 97 40 50 84 |
| | | | 91 81 73 12 |

# Fagpersonell knytt til Ålgård Skole

| | | |
|---|---|---|
| **Skolekontoret :** | Hilde Siira, skolesjef | tlf. 51 61 43 11 |
| | Hege Elisabeth Wengstrøm Kvam, Skolefagleg Rådgj. | |
| | Ann Elin Lima, adm | |
| **PPT-kontoret :** | Anita Madland Flåten, leiar | tlf. 51 61 43 32 |
| | Skolen sin kontaktperson | tlf. 51 61 43 31 |
| **Helsesjukepleiar :** | Cecilie Ravndal | |
| | Helsestasjonen | tlf. 51 61 44 90 |
| | Ålgård skole | tlf. 51 61 46 73 |
| **Skoletannlege:** | | tlf. 51 61 24 40 |

## Spesialpedagogikk og sosialpedagogikk

Skolen har eit ressursteam som arbeider med spesialpedagogikk (spes.ped.) og sosialpedagogikk (sos.ped.).

| | | |
|---|---|---|
| **Sosiallærar:** | Nina Palm Brenden | brenin@gjesdalskolen.com |
| **Styrkingsteam:** | Randi K. Håkonsen | tlf. 51 61 46 72 |
| | Irene Berg Hersdal | |
| | Nina Palm Brenden | |
| | Solveig Dirdal | |
| **Ressursteam:** | Gunn Inger Steinskog | |
| | Reidun Irene Berg Hersdal | |
| | Henriette Knarvik | |

# Tilsette ved Ålgård skole 2021/2022

| | | |
|---|---|---|
| **Rektor** | Rune Bøe | runboe@gjesdalskolen.com |
| **Ass. rektor** | Randi Kilhavn Håkonsen | ranhak@gjesdalskolen.com |
| **Saksbehandlar** | Lovise Tveit Nevland | loner@gjesdalskolen.com |
| **Lærarar** | | |
| | Aalgaard Kristin Solheim | kraa@gjesdalskolen.com |
| | Bingslien, Stein-Erik | stebin@gjesdalskolen.com |
| | Bollestad Hill Mary | hibo@gjesdalskolen.com |
| | Brenden Nina Palm | brenin@gjesdalskolen.com |
| | Byrkjedal, Marianne | marbyr1@gjesdalskolen.com |
| | Christiansen, Camilla E | camchr@gjesdalskolen.com |
| | Costin, Kristine | kricos@gjesdalskolen.com |
| | Dirdal, Solveig | solhel@gjesdalskolen.com |
| | Dubland, Anne-Karin | dubann@gjesdalskolen.com |
| | Egeland, Bente | beka@gjesdalskolen.com |
| | Eilin Fossfjell | eilfos@gjesdalskolen.com |
| | Gilje, Mads Soma | gilmad@gjesdalskolen.com |
| | Gundersen, Jane (permisjon) | jagu@gjesdalskolen.com |
| | Gunderstad, Einar | eingun@gjesdalskolen.com |
| | Harbo, Kristine | krihar@gjesdalskolen.com |
| | Hersdal Irene Berg | irene-h@gjesdalskolen.com |
| | Hergot, Line Hjortland | linher@gjesdalskolen.com |
| | Hergot, Sigve (permisjon) | sigher@gjesdalskolen.com |
| | Hersdal, Maria | marher2@gjesdalskolen.com |
| | Holm, Katrine | kathol@gjesdalskolen.com |
| | Ims, Monica | monims@gjesdalskolen.com |
| | Knarvik, Henriette | hekn@gjesdalskolen.com |
| | Lende, Synne Prestegård | synlen@gjesdalskolen.com |
| | Lundebrekke Reidun | relu@gjesdalskolen.com |
| | Mangersnes, Anne Lise Aa | annman@gjesdalskolen.com |
| | Myhre Esther Maudal | esmy@gjesdalskolen.com |
| | Olsen, Tone | tonols@gjesdalskolen.com |
| | Ravndal, Therese (permisjon) | therav@gjesdalskolen.com |
| | Rostrup, Sigrid Singstad | siro@gjesdalskolen.com |
| | Sattler Rune | rusa@gjesdalskolen.com |
| | Simmerøy, Lene | lesi@gjesdalskolen.com |
| | Steinskog, Gunn Inger | gunst@gjesdalskolen.com |
| | Surdal, Karoline | karsur@gjesdalskolen.com |
| | Sørskår, Elisabeth | elisor@gjesdalskolen.com |
| | Thorsen Terje Friis | teth@gjesdalskolen.com |
| | Vold, Brit Grete Osaland | brre@gjesdalskolen.com |
| | Wold, Kjellaug | kjewol@gjesdalskolen.com |

| | | |
|---|---|---|
| **Leiar SFO** | Idland, Aina | aiid@gjesdalskolen.com |
| **Miljøarbeidarar/ miljøterapeuter** | | |
| | Blaauw, Stephanie | stebla@gjesdalskolen.com |
| | Danielsen, June | jundan@gjesdalskolen.com |
| | Drangeid, Jane B. | jandra@gjesdalskolen.com |
| | Egeland, Randi | ranege@gjesdalskolen.com |
| | Klungtveit, Olaug | olkl@gjesdalskolen.com |
| | Laland, Mona (permisjon) | monlal@gjesdalskolen.com |
| | Lønne, Helga Mossige | hellon@gjesdalskolen.com |
| | Nevland Jorunn | jone@gjesdalskolen.com |
| | Nielsen, Nina M | ninnie@gjesdalskolen.com |
| | Ravndal, Elisabeth | elirav@gjesdalskolen.com |
| | Skoge, Marita Byberg | marsko@gjesdalskolen.com |
| | Vaule, Anja | anjvau@gjesdalskolen.com |
| | Vaule, Irene | irevau@gjesdalskolen.com |
| | | |
| **Lærling** | | |
| | Jimenez, Gabriela Teresa | gabjim@gjesdalskolen.com |
| | | |
| | | |

# Kontaktlærarar

| | | TLF. KONTOR |
|---|---|---|
| 1A | Kristine Costin | 477 57 494 (1. trinn) |
| 1B | Camilla Christiansen | |
| 1C | Karoline Tjessem Surdal | |
| | | |
| 2A | Reidun Lundebrekke | 477 58 368 (2. trinn) |
| 2B | Hill Mary Bollestad | |
| 2C | Esther Maudal Myhre | |
| | | |
| 3A | Bente Egeland | 477 56 311 (3. trinn) |
| 3B | Mads Soma Gilje | |
| 3C | Tone Olsen | |
| | | |
| 4A | Brit Grete Osaland Vold | 477 55 372 (4. trinn) |
| 4B | Kjellaug Wold | |
| 4C | Elisabeth Sørskår | |
| | | |
| 5A | Einar Gunderstad | 477 59 467 (5. trinn) |
| 5B | Oda Sagland | |
| 5C | Synne Prestegård Lende | |
| | | |
| 6A | Line Hjortland Hergot | 477 55 591 (6. trinn) |
| 6B | Stein-Erik Bingslien/Sigrid Singstad Rostrup | |
| | | |
| 7A | Kristine Harbo | 477 59 508 (7. trinn) |
| 7B | Terje Friis Thorsen | |
| 7C | Rune Sattler | |

# Teamoversikt 2021/2022

| Trinn | Lærar | Timelærar | Miljøarbeidar |
|---|---|---|---|
| **1A** | Kristine Costin | Kristin Aalgaard<br>Gunn Inger Steinskog | Olaug |
| **1B** | Camilla Christiansen | | Irene Vaule/Aina Idland |
| **1C** | Karoline Surdal | | Elisabeth Ravndal |
| **2A** | Reidun Lundebrekke | Irene Berg Hersdal<br>Eilin Fossfjell | |
| **2B** | Hill Mary Bollestad | | Marita Byberg Skoge |
| **2C** | Esther M Myhre | | Jane Drangeid Brueland |
| **3A** | Bente Egeland | Katrine Holm<br>Henriette Knarvik | Helga Mossige Lønne<br>Gabriela Jimenez (lærling) |
| **3B** | Mads Soma Gilje | | Helga Mossige Lønne |
| **3C** | Tone Olsen | | Nina M. Nielsen |
| **4A** | Brit Grete O. Vold | Henriette Knarvik<br>Anette Mæland (vikar) | Jorunn Nevland |
| **4B** | Kjellaug Wold | | |
| **4C** | Elisabeth Sørskår | | |
| **5A** | Einar Gunderstad | Marianne Byrkjedal<br>Anne Lise Mangersnes | Randi Egeland |
| **5B** | Oda Sagland | | Stephanie Blauuw |
| **5C** | Synne Prestegård Lende | | |
| **6A** | Line Hjortland Hergot | Anne-Karin Dubland<br>Maria Hersdal | June Danielsen |
| **6B** | Stein-Erik Bingslien/ Sigrid Singstad Rostrup | | |
| **7A** | Kristine Harbo | Nina Palm Brenden<br>Anne-Karin Dubland | Anja Vaule |
| **7B** | Terje Friis Thorsen | | |
| **7C** | Rune Sattler | | |
| **Språkst** | Lene Simmerøy | | |

# SKOLEFRITIDSORDNINGA - SFO

Ålgård skole har skolefritidsordning. Dette er eit omsorgs- og fritidstilbod utover den vanlege skoledagen for barn i 1. – 4. klasse. Påmelding til SFO skjer digitalt via skolen sine heimesider.

Skolen har tre tilbod:

- Inntil 6 timar pr. veke
- Inntil 15 timar pr. veke
- Over 15 timar pr. veke

Opningstid i SFO er: Klokka 07.00 - 16.30

| | |
|---|---|
| Mobiltelefon 1: | 97 40 50 84 |
| Mobiltelefon 2: | 91 81 73 12 |

## Tilsette i SFO

Aina Idland - leiar
Randi Egeland
Olaug Klungtveit
Anja Fuglestad Vaule
Elisabeth Ravndal
Nina M. Nielsen
Mona Laland (permisjon)
Jane B. Drangeid
Irene Vaule
Helga M. Lønne
Marita B. Skoge
Jorunn Nevland
Gabriella Jimenez

# TIMEOPPSETT 2020-2021

| **1 trinn** | måndag | tysdag | onsdag | torsdag | fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| Skolen byrjar og sluttar: | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | 12.00 | | | |
| | | | 13:00 | 13:00 | 13:05 |
| | 14:15 | | **Ventetid SFO<br>13:00 – 14:15<br>skoleskysselevar** | **Ventetid SFO<br>13:00 – 14:15<br>skoleskysselevar** | |
| | | | | | |

| **2. trinn** | måndag | tysdag | onsdag | torsdag | fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| Skolen byrjar og sluttar: | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | 12.00 | | | |
| | | | | 13:00 | 13:05 |
| | 14:15 | | 14:15 | **Ventetid SFO<br>13:00 – 14:15<br>skoleskysselevar** | |
| | | | | | |

| **3. trinn** | måndag | tysdag | onsdag | torsdag | fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| Skolen byrjar og sluttar: | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | 12.00 | | | |
| | | | 13:00 | | 13:05 |
| | 14:15 | | **Ventetid SFO<br>13:00 – 14:15<br>skoleskysselevar** | 14:15 | |
| | | | | | |

| **4. trinn** | måndag | tysdag | onsdag | torsdag | fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| Skolen byrjar og sluttar: | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 | 08.30 |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | 12.00 | | | |
| | | | | | 13:05 |
| | 14:15 | | 14:15 | 14:15 | |
| | | | | | |

| **5 - 7. trinn** | måndag | tysdag | onsdag | torsdag | fredag |
|---|---|---|---|---|---|
| Skolen byrjar og sluttar: | 08.20 | 08.20 | 08.20 | 08.20 | 08.20 |
| | | | | | |
| | | | | | |
| | | 12.00 | | | |
| | | | | | 13:05 |
| | 14:15 | | 14:15 | 14:15 | |
| | | | | | |

**(Tidene kor elevane har undervisning er merka grått.**)

# PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

## Kontortid

Skolen har kontortid måndag - fredag klokka 08.00 - 15.00.

## Målformer

Skolen har undervisning på begge målformer på alle klassesteg.

## Søknad om fritak frå undervisninga

Det er viktig både for den faglege og sosiale utviklinga til elevane at dei er minst mogleg vekke frå skolen. Dersom elevane skal ha fri meir enn tre dagar, skal søknaden sendast minst 10 dagar før som eige brev eller på e-post til rektor. Skjema finst på heimesida. Kontaktlærar kan gje fri inntil tre dagar.

## Melding om fråvær og andre beskjedar

### Visma Min Skole

Skolene i Gjesdal skal frå 1.august bruka Visma sin app "Min Skole" som kommunikasjonskanal mellom føresette og skulen. Denne appen vil då erstatta Schoollink.

#### Min skole - foresatt-app har dissa hovudfunksjonane:

● Sende og motta meldingar mellom føresette og skule
● Foresatte kan registrera fråvær på eigne barn
● Foresatte kan få varslar frå skulen om fråvær
● Tilgang til digitale skjema via lenke i app-melding
● Foresatte til barn på SFO kan sjå tidspunkt for når barnet er sjekka inn/ut på SFO
● Foresatte til barn på SFO kan registrera merknader (både for enkeltdager og repeterande merknader) for eigne barn

NB - vi minner om at føresette ikkje må senda sensitiv informasjon (til dømes helseopplysningar) verken i appen eller i sms-meldingar til skulen.

#### Føresetnader for å bruka appen

● Du må lasta ned appen frå Google Play (Android) eller AppStore (iPhone). Appen heiter "**Min skole - foresatt"**
● Den første gangen du loggar inn i appen, må du logga på med ID-porten (BankID/MinID) og oppretta ein personleg pin-kode.
● Føresette som ikkje har smarttelefon, og dermed ikkje kan ta i bruk appen, kan logga inn på fullversjonen av Visma Flyt Skole.

#### Slik bruker du appen

● Når du har logga inn i appen, vel du kva barn det gjeld (dersom du har fleire barn)
● Deretter veljar du om du skal lesa eller senda melding, eller om du vil melda eit fråvær.
● Dersom du vil senda melding til skulen, får du moglegheit til å velja ein eller fleire mottakarar frå ei liste i appen, der du òg ser kva rolle dei har i forhold til barnet ditt. Kven du kan senda melding til, vil vera avhengig av oppsettet som er gjort på skulen. Det kan til dømes vera desse:kontaktlærar, faglærar, SFO-leiar
● Når du melder fråvær, blir dette registrert rett inn i det skoleadministrative systemet, og blir synleg forbåde SFO-tilsette og lærarane til eleven.

● Nytt fråværsfunksjonen - og ikkje meldingsfunksjonen - til å melda fråvær. Du kan melda fråvær fram til slutten av skuledagen for det aktuelle trinnet.

**Vi ber alle foreldre i Gjesdalskolen om å lasta ned og ta i bruk appen innan oppstart nytt skule- og SFO-år.**

# Chromebook

Alle elevar på Ålgård skole får utlevert chromebook ved skolestart. Skolen avgjer kor ti elevane får dei med seg heim. For å få chromebooken med seg heim, må føresette signere ein eigen avtale. Dette er frivillig.

# Sykling

FAU oppmodar til å vente til elevane går i 5. klasse. Elevane må bruke hjelm.

# Klede og gjenstandar som er attgløymde

Hugs å merke mest mogleg av klede/ sko og innesko med namn, då er det lett å finne dei att. Etterlys attgløymde klede så snart som mogleg, hugs også symjehallen.  Attgløymde klede/sko og anna kan òg hentast første veka etter at skolen sluttar. Seinare vert desse gjenstandane leverte til ein organisasjon/lag.

# Erstatningsansvar for bøker og skolen sitt materiell

Bøker som vert behandla stygt eller mista, må elevane erstatte.  Når elevar med vilje øydelegg skolen sitt materiell, vert det kravd erstatning.
Sjå også eigen avtale for Chromebook.

# Erstatning for klede o.l.

Skolen gir ikkje erstatning for skadde klede, briller, gjenstandar utan at det er vist lite aktsemd frå skolen si side.

# Teieplikt/spesielle opplysningar om eleven

Alle som arbeider ved skolen har teieplikt. Det er viktig at skolen får opplysning dersom ein elev lir av ein spesiell sjukdom, bruker medisinar eller har andre problem.

# Helsestenesta

Helsesjukepleiar har fast kontortid på skolen, sjå skolen si heimeside. I dette tidspunkt kan elevane sjølv ta kontakt.
Skolehelsetenesta har som hovudoppgåve å drive førebyggjande arbeid i grunnskolen og samarbeider med heim, skole og anna hjelpeapparat for å identifisere og løyse helsemessige problem som er knytt til skoleelevar sin situasjon.
Elevane vert undersøkte av helsesjukepleiar og lege før skolestart. Nye elevar får tilbod om samtale med helsesjukepleiar. Elles er det viktig at føresette sjølv tek kontakt med helsesjukepleiar ved behov.

## Vaksineringsprogram

2. klasse – Tetravac-vaksine (Difteri, stivkrampe, Polio, Kikhoste)
3. klasse - Høgdemåling og vekt. Gruppesamtale/helseopplysning
6. klasse – MMR-vaksine (meslingar, kusma, raude hundar)
7. klasse jenter – HPV-vaksine (vaksine mot livmorhalskreft)

Elles er det : Samtalegrupper på 3. trinn, samtalegrupper på 6. trinn, vekt- og høgdemåling på 3. trinn.
Helsetenesta deltek òg i tverrfaglige samarbeidsmøte på skolen.
Helsesjukepleiar har saman med familiesenteret grupper for barn med skilde foreldre.

# Tannlegen

Alle skolebarn blir kalla inn til distriktstannklinikken. Dette skjer kvart år, og er gratis. Distriktstannlegen ligg i andre etasje på Ålgård Amfi.

# Mjølk og fruktordning

## Frukt

Bestilling av frukt vil også i år skje direkte til leverandøren, og eleven/føresette må derfor sjølv gå inn på www.skolefrukt.no eller ringe tlf. 815 20 123 for å melde seg på. Elevane som er med på ordninga får ein type frukt/grønnsak kvar dag som vert delt ut i matpausen på lik linje med skolemjølka (eller i 1.friminutt dersom det er ønskeleg).
Elevane kan ikkje velje type frukt/grønsak dei ulike dagane, men får den frukta som leverandøren til ein kvar tid leverer oss. Alle får same frukt/grønsak dei ulike dagane. Dette vil variere frå dag til dag med til dømes eple, pærer, bananar, gulrøter, appelsinar, kiwi osv.
De bestemmer sjølv kva for startdato de ønsker på abonnementet når de bestiller.

## Mjølk

Bestilling av mjølk skjer òg direkte til leverandøren, og eleven/føresette må derfor sjølv gå inn på www.skolelyst.no eller ringe 815 20 020 for bestilling. Eleven vil få dei følgande valmoglegheitene: Lettmjølk, ekstra lettmjølk, lettmjølk m/sjokoladesmak, lettmjølk laktosefri og havredrikk.
For meir informasjon, gå til denne linken
https://webfiles.tine.no/TSDK/Infoskriv_2019_2020_nynorsk.pdf.

Ver vennleg å ta kontakt med skolen om du lurer på noko.

# INFORMASJON OM LESEPROSJEKTET SOL

**Systematisk Observasjon av Lesing**

Å lære barn å lese er ei av skolen sine viktigaste oppgåver. Norsk skole kan gjere ein betre jobb på dette området. Mange barn kan bli betre. I likskap med fleire andre norske kommunar, har Gjesdal gjort noko med dette. Vi har utvikla eit verktøy for observasjon av lesing, basert på ein kombinasjon av mange års erfaring og forsking. Verktøyet kallar vi for SOL- systematisk observasjon av lesing.

Noko av det viktigaste i SOL er at vi er like opptatt av leseopplæring på mellomtrinnet og i ungdomsskolen, som av den første leseopplæringa. Elevane skal ikkje stoppe opp i utviklinga si etter å ha "lært seg å lese". Vi skal leie elevane til å bli innsiktsfulle, reflekterande, lærande og interesserte lesarar.

SOL er eit observasjonsverktøy. I tillegg er det også ein kunnskapsbank og eit oppslagsverk både for den generelle undervisning og for "tetting av hol" hos den enkelte elev. SOL gir læraren ei oversikt over kor den enkelte elev er i si leseutvikling, og læraren får dermed betre føresetnad for å drive god og tilpassa leseopplæring.

Alle elevar skal "solast" (kartleggjast med SOL) to gonger i året slik at både eleven, skolen og heimen får kunnskap nok til å arbeide mot ei optimal leseutvikling.

Meir informasjon om SOL kan de få på skolen. Alle lærarane har fått opplæring i SOL

# NASJONALE PRØVAR

Elevane i 5. klasse skal ha nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk i september. Alle prøvane er digitale. De som føresette, kan gå inn på sida til utdanningsdirektoratet for å sjå eksempeloppgåvene til prøvane.

# HEIMESIDE

http://www.minskole.no/minskole/algard

Ålgård Skole har ei fin heimeside der de vil finne mykje god og nyttig informasjon. Dette finn du på heimesida:

- Oversikt over tilsette.
- Ulike skriv frå skolen, skolerute m.m.
- Vekeplanar for dei ulike klassane og linkar til andre nettstadar.
- Informasjon om SFO samt søknadsskjema om dagplass.
- Informasjon frå FAU, referat frå møte m.m.
- Bilete frå ulike aktivitetar på skolen

# BIBLIOTEKET

**Ålgård skole har eit stort og flott biblioteket som står til disposisjon for både elevar, føresette og tilsette.**

## Biblioteket på Ålgård skole skal brukast til:

- undervisning der elevane kan bruke litteratur frå fagbiblioteket
- låning og lesing av skjønn- og faglitteratur
- ulike prosjekt

På 1. og 2. klassetrinn har vi eit klassebibliotek i klasserommet. Slik får elevane eit forhold til bøkene frå starten av. Elevane får låne bøker frå klassebiblioteket. Etter kvart vil elevane få låne bøker frå biblioteket.

# AKTIVITETSLEIARAR

Ålgård skole har aktivitetsleiarar (AL) frå 4.-7. trinn. Dei er med og legg til rette for auka aktivitet i matfriminuttet.

**Aktivitetsprogrammet sitt mål er å:**

- fremje auka og meir variert leik/aktivitet i dei store friminutta
- leggje til rette for at elevar skal kunne byggje gode vennskapsrelasjonar
- redusere konfliktar blant elevar
- fremje verdiar som inkludering, vennlegheit og respekt

Kombinert med gode handlingsplanar eller program mot mobbing, er målet at Aktivitetsprogrammet også skal kunne bidra til å redusere mobbing og auke trivselen hjå elevane på Ålgård skole.

For å bli aktivitetsleiar skriv elevane ein søknad. June Danielsen har ansvar for aktivitetsprogrammet.

# SAMARBEID HEIM / SKOLE

Ålgård skole legg stor vekt på at heimen og skolen må stå saman om den viktige oppgåva det er å skape eit best mogleg læringsmiljø for barna våre.

Dei mest vanlege samarbeidsrutinene ved skolen er klasseforeldremøte og utviklingssamtalar. Men det er òg mange andre former for samarbeid som skjer ved skolen vår. Vi ønskjer at de foreldre kan kjenne at skolen er dykkar skole og at det er enkelt å ta kontakt med oss når de ønskjer det.

Alle foreldre er medlem av FAU/foreldrerådet.

Kjennskap og tillit til kvarandre er viktig for at eit samarbeid skal bli vellukka.

# SU - Samarbeidsutvalet :

Samarbeidsutvalet er det lokale styringsorganet for ein skole.  Utvalet skal halde seg  orientert og uttale seg om skolemiljøet, samt ta stilling både til budsjettbruk og det pedagogiske arbeidet.
Utvalet er sett saman av :

- to foreldre
- to tilsette ved skolen/ein lærar
- ein politikar
- rektor ved skolen
- leiar av elevrådet
- nestleiar av elevrådet

# FAU

Alle som har barn på skolen er medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel representantar til styret (Foreldra sitt arbeidsutval – FAU).

Skolen arbeider kontinuerlig for å ha eit godt foreldre/skole samarbeid. FAU har ei viktig rolle i dette samarbeidet. Dei skal vere med på å skape ein god kontakt mellom den enkelte heim og skolen, samt leggje tilrette for trivsel.

FAU ved Ålgård Skole består av 7 medlemmer, 1 medlem frå kvart klassetrinn.

# FAU-representantar skuleåret 2021/2022

1. trinn - Marita Grimsmo
2. trinn - Anita Hayley Henriksen
3. trinn - Anita Sæther Taksdal
4. trinn - Margrehte Hadland Drammeh
5. trinn - Gunn-Rita Nedreø
6. trinn - Anita Lunden
7. trinn -

# Klassekontaktane

Klassekontaktane er eit viktig bindeledd mellom heim og skole. Det skal veljast 2  klassekontaktar i kvar klasse.  Desse skal veljast om hausten/våren. Klassekontaktane og kontaktlærar skal saman utarbeide ein plan for klassen sine aktivitetar i det følgjande skoleåret. Klassekontaktane bør ha god kontakt med dei føresette i klassen og delegere arbeidsoppgåvene.

# Klassekontaktar skuleåret 2021/2022

| Gruppe | Namn | Tlf.nr. | e-mail |
|---|---|---|---|
| **1A** | Espen Andreassen<br>Bente Kloster | 951 03 787<br>970 85 636 | espen.aka.popeye@gmail.com<br>benteklosterr@hotmail.com |
| **1B** | Lise Solsvik Wold<br>Kristin Eikeland | **959 02 092**<br>**951 37 535** | lisesols@hotmail.com<br>kristin_eikeland@hotmai.com |
| **1C** | | | |
| **2A** | Lise Hovland B. Nordstrand<br>Gunnhild  Vassbø Hølland | 992 97 377<br>900 98 576 | lizebjelland@gmail.com<br>gunnhild.holland@hotmal.com |
| **2B** | Elise Svanes Lomeland<br>Trude Brekke Haukebø | 922 61 973<br>406 22 493 | elisesvanes@hotmail.com<br>trubrehau@gmail.com |
| **2C** | Monica Ims<br>Elisabeth Sørskår | 988 46 316<br>926 37 291 | monica.ims@gmail.com,<br>elisor@gjesdalskolen.com |
| **3A** | Valborg Søyland<br>Gro Håland | 976 53 579<br>909 56 543 | valli79@hotmail.com |
| **3B** | Solveig Ødegård<br>Mattis Langheim | 978 80 556<br>913 66493 | solveig.odegard@yahoo.com<br>mattis@lyse.net |
| **3C** | Reidun Sørnes<br>May Brit Lindeland | 476 67 103<br>408 78 112 | reidunsornes@gmail.com<br>m76lindeland@hotmail.com |
| **4A** | Kjersti Tornes Grini<br>Jill Aimee Lima Vognsen | 980 41 201<br>950 31 543 | kjersti.t.grini@outlook.com<br>aimee1285@hotmail.com |
| **4B** | Terese Dagstad Brekken<br>Jane Tjelta | 928 44 440<br>957 51 586 | terdag80@hotmail.no<br>janetjelta@hotmail.com |
| **4C** | Stine Bianca Christiansen<br>Margrethe Nilsen | 451 18 921<br>920 44 843 | stine-b-c@hotmail.com<br>mnnm.contact@gmail.com |
| **5A** | Gunn-Rita Nedrebø<br>Lise Hovland Nordstrand | 947 94 034<br>992 97 377 | gunn_rita@hotmail.com<br>lizebjelland@gmail.com |
| **5B** | Ann Christin Kvia Larsen<br>Silje Steinskog Nevland | 412 21 662<br>959 67 944 | ackl@lyse.net<br>81.silje@gmail.com |
| **5C** | Mari Håkonsen<br>Stine Håkonsen | 930 20 292<br>454 96 020 | mari.hakonsen@sandnes.kommune.no<br>stine.haakonsen@lyse.net |
| **6A** | | | |
| **6B** | | | |
| **7A** | Stine Marie Eidland<br>Anne Katrine Nevland | 991 63 617<br>450 43 029 | eidland.gard@gmail.com<br>aknevland@hotmail.com |
| **7B** | Lene Simmerøy<br>Camilla Nielsen Trones | 416 92 666<br>936 24 252 | lensim@gjesdalskolen.com<br>camniel@hotmail.com |
| **7C** | Elin Vaule<br>Silje Steinskog Nevland | 959 67 947<br>959 67 944 | elinvaule@hotmail.com<br>81.silje@gmail.com |

# Foreldremøte

Skolen kallar inn til **fellesmøte for alle klassekontaktane og kontaktlærarane** ved oppstart av nytt skoleår.

**Mål :** - Informasjon om det å vere klassekontakt
- Utarbeide planar for sosiale aktivitetar det fylgjande skoleåret
- Utarbeide planar for foreldremøte

I mai/juni, før skolestart, kallar skolen inn til klassetrinnsmøte for 1. klasse.

Kontaktlærar saman med klassekontaktane har ansvaret for foreldremøta. Sistnemnde har ansvar for at det vert skrive referat. Dette vert sendt alle heimane. Klassekontaktane har ansvar for at det blir valt klassekontaktar for det komande skoleåret på møtet om våren.

**Mål :** - Alle skal bli betre kjende med kvarandre
- Samarbeid om godt klassemiljø
- Drøfting av forventningar til skole og heim
- Drøfting av aktuelle tema
- Bestemme sosiale tiltak for klassen
- Generell informasjon om arbeidet i klassen

# Utviklingssamtalar

Kontaktlærar kallar inn til to utviklingssamtalar i året, ein på hausten og ein på våren. Skolen ser helst at samtalane vert avvikla før klokka 17.00, og ber om at dei føresette så godt dei kan hjelper til at dette kan gjennomførast.

**Mål:** - Gjensidig informasjon mellom heim og skole, både fagleg og sosialt.

# ABONNER PÅ NYHEITER FRÅ SKULEN
# - få nyheiter direkte i din mailboks

Som eit ledd i arbeidet med å forbetre kommunikasjonen mellom heim og skole, bruker vi MinSkole løysinga som websider til skolen.

Løysinga byr på ei rekkje moglegheiter for å gjere kommunikasjonen betre mellom skolen og heimen. Dette gjer det lettare for oss å halde deg informert om det som skjer i skolen, og lettare for deg å følgje med.




## Kva tyder det for deg?

- Du vert varsla automatisk via e-post når det skjer noko nytt (t.d. nyheiter, planar og dokument) er lagt ut på sidene.
- Du treng berre å abonnere på dei delane av sidene som er av interesse for deg, dermed slepp du å få nyheiter frå heile skolen.
- På slutten av skoleåret vert alle abonnement automatisk sletta. Dermed slepp du å ha gamle abonnement liggjande som ikkje er av interesse lenger.
- Du kan slutte å abonnere på sidene når som helst ved å klikke "*Avslutte abonnementet*" i abonnementsmailen.



## Korleis går du fram?

1. Gå inn på web-sidene til skolen: (**http://www.minskole.no/Algard**)
2. Trykk på "*Abonner på nyheter*" på første side i høyre kolonne.
3. I vindauget som nå vert vist, legg inn e-post adressa som du ønskjer mailene i abonnementet, sendt til.

4. Nå vel du kva for delar av heimesida du ønskjer å få nyheiter frå (t.d. "*Forsiden*", klassen/trinnet til ditt barn, "*Om skolen*", "*FAU*").
5. Trykk "*Start abonnement*".

Dette er eit gratis tilbod til foreldra. Skolen håper at flest mogleg vil opprette abonnement fordi det då vil vere mykje enklare for oss å halde deg kontinuerleg oppdatert.

# SKULERUTE 2021-2022

| **Månad** | | **Skuledagar** |
|---|---|---|
| August | Torsdag 19. august (skulestart for elevane) | 9 |
| September | | 22 |
| Oktober | **Haustferie veke 41 (11.-15.oktober)** | 16 |
| November | Fridag for elevane fredag 12 .november | 21 |
| Desember | Tysdag 21.desember (siste skuledag før jul) | 15 |
| Januar | Tysdag 4. januar (første skuledag etter jul) | 20 |
| Februar | | 19 |
| Mars | **Vinterferie veke 9 (Måndag 28.feb - fredag 4.mars)** | 19 |
| April | **Påskeferie veke 15 (måndag 11.april t.o.m. måndag 18.april)**<br>Tysdag 19.april er første skuledag etter påskeferien. | 15 |
| Mai | **Tysdag 17.mai (nasjonaldag)**<br>Torsdag 26.mai (Kr.h.f)<br>**Fredag 27.mai (fridag for elevane)** | 19 |
| Juni | Måndag 6.juni (2.pinsedag)<br>Onsdag 22. juni (siste skuledag for elevane) | 15 |
| | **Sum skuledagar** | **190** |